



## Notat

Dato: 10.04.2017  
Arkivsak: 2015/687-11  
Saksbehandlar: gunradd

---

**Til:** Hanne Kathrin Vie

---

**Frå:** Gunhild Raddum

---

### **Fråsegn til oppstart av reguleringsplan, utvida plangrense, Plan 276 og plan 250 - Askøy kommune**

Samferdselsavdelinga har ikkje merknader til utvidinga av plangrensa for å tilpasse tunellen med ein stigning på 7 % og ikkje ein stigning på 8 % slik det planen i utgangspunktet tok høgde for. Vi vil minne om vår uttale som vart gitt i første oppstartrunde:

*Det har tidligare vore dialog mellom Statens vegvesen og samferdselsavdelinga/Skyss i saka. Utfordringa er at den nye vegen ikkje er tilrettelagt for buss. Bussene må difor køyre gamlevegen for å kunne dekke buområder. Det er skjedd nokre forbetringar i endringane som no er lagt inn i planane. Mellom anna er det laga ein snarveg til Follese skule som skal gjere det enklare for å ta seg fram til skulen om ein kjem med buss. Samferdselsavdelinga rår til å lage busslomme med god plass ved skulen, slik at det og er rom for andre som har behov for av- og påstigning. Generelt bør utforming av busslommer og andre løysingar for kollektivtransporten skje i dialog med Skyss.*